


**B**

Hans Konu Kvithyll  
Bringebarveien 8,  
2400 Eivinn



## Litt meierihistorie

Det er nokre år sia det siste meieriet i Grong vart lagt ned. I 1905 hadde mjølkeprodusentane i det som da var Grong, 3 meieri: Grong Dampmeieri, starta i 1889, Fiskumfoss Meieri, starta i 1890 og Harran Seperatorsamlag, starta i 1888. Meieria tok imot 430 915 kg mjølk og produserte av det 16 075 kg smør og 26 002 kg ost, i tillegg til at dei selde fløyte og mjølk.

Det var arbeid til tre menn og tre kvinner på dei tre meieria. Fiskumfoss Meieri og Harran Seperatorsamlag leverte skumma mjølk tilbake til produsentane, og desse to anlegga vart drive med handmakt.

Det var få meieri i Grong i forhold til andre bygder i "amtet". I heile Nordre Trondhjems Amt var det 66 meieri i 1905 og da var mange, ikkje minst i Ytre Namdal, lagt ned etter kort tids drift.

\*\*\*\*\*

## Innsamling av stedsnavn

Det har i lang tid vært interesse for å komme i gang med å registrere stadnamna i bygda. Noe er gjort i forskjellige sammenhenger. Men vi må ta fatt av alle krefter med denne viktige kulturoppgaven. For etter som tida går, forsvinner en del namn fra innmark og utmark. En del av namna er ikke nedskrevet noen gang, og finnes bare i hukommelsen hos eldre folk.

MÅLET ER Å FÅ SKREVET OPP OG MERKA PÅ KART ALLE STADNAMN SOM HAR VÆRT I BRUK.

Meningen er, å sammen med Snåsa Historielag, å holde et kortere kurs for å lære opp medlemmer i arbeidet med stadnamna.

Arne Kvam

# Grong Historielags Meldingsblad

Nr. 3 - 1989

ISSN 0332-6764

12. årgang.

GRONG HISTORIELAG HAR

## MEDLEMSMØTE

PÅ RØDE KORS - Huset på Media  
TIRSDAG 17. OKT. KLOKKA 1930

DAGSORDEN PÅ MØTET

## SNÅSA HISTORIELAG HAR

BEDT GRONG HISTORIELAG TIL  
SITT MØTE PÅ SNÅSA TURIST-  
SENTER FREDAG 3. NOV. KLOKKA 1930

\*\*\*\*\*

KJENNER VI SNÅSNINGENE RETT, HAR DE LITT AV HVERT A  
BY PÅ.

\*\*\*\*\*

# HUSK DATOENE!

# Kari som budde ved Gartlands- elva

Av Idar Romstad

I 1883 kom ein omstreifarfamilie til Høylandet for å busette busette seg fast her. Det var Elen-Maria Wang, født i Melhus i 1857, og mannen Karl Magnus Fredriksen Stalberg (trulig svensk). Dei hadde da 4 små barn med, alle under 7 år. Hadde dei komi hit før 1875, ville "ståtarkongen" møtt opp og vist dei ut av bygda, sånn var ordninga mellom 1766 og 1875. Men frå 1875 var denne ordninga tatt bort. - Likevel, bygdastyret prøvde å "frøyse" innflyttarfamilien ut, men dei stod imot og var buande her... Elen-Maria budde her på Høylandet til sin "døyan dag" i 1936.

Men her kjem det som er aktuelt å få Grong Historielag med på: Elen-Maria hadde ei søster som budde i ei stue sør for Gartlands-elva, ved Namsen. Kari hette ho, og jentenamnet hennar måtte vera Kari Wang. - Vi veit at Elen-Maria besøkte søstra si i Harran. På ein tur dit møtte ho bjønn ved Gartlands-setran. - Vi skulle gjerne visst meir om denne Kari.

Med dette ærendet besøkte eg aldersheimen i Harran (mai 1989) og spurde dei eldre der. - Hanna Gartland og Olea Elstad kom i hug stua og visste ei del om Kari. - Hanna fortalde at Kari hadde hatt ein slektning hos seg som hushjelp, ei ungjente mellom 15-20 år. Men så kom ein svenske som for med krøterdrifter, og ungjenta slo lag med han og for til Sverige. ( Det var trulig mellom 1902-05.) Hanna hadde også høyrte at ein son eller eit barnebarn av denne jenta hadde vori med på anleggsarbeid da utbygg - inga av Namsen vart gjort, trulig i 1950/60-åra. Vi veit at det var dotter til Elen-Maria som var hushjelp hos Kari ei kort tid. Josefina heitte ho og var født i 1887. Elen-Maria hadde fortalt at Kari var så sinna at "ho satt med ein stor kniv og ville drepa denne svensken som hadde reist med Josefina".

Av arkiv frå Høylandet fattigstyre veit vi at Josefina kom tilbake frå Sverige til Hegra i Stjørdalen i mars 1908 (skriv frå Hegra Fattigstyre), og at ho hadde eit bart f.1906 og at ho venta neste barn i april 1908. Namnet på barnefaren var også oppgitt. Han var frå Vesterbotn.

fortsettes side 8

# Ei skogsdrift litt utanom det vanlege

AV JOHAN RISVIK

Lørdag 26.april 1975 skreiv "Nordtrønderen" med store bokstava over eit bilede: "OVER-HALLINGER PÅ KJEMPEDRIFT PÅ SNÅSA OMKRING 1910".


Bildet som var tatt på "Røuvhyllbakkan" har med 19 mann, 2 kvinner (kokker) og fleire hesta. Det var fra Nils Muus sin skog på Snåsa det var blinka ut eit stort kvantum - 16000 tre. Trea måtte vere minst 8 tom på 8 alen. Det vart da mykkje stortømmer. Det var Hans Risvik fra Overhalla som hadde tatt på seg å drive fram tømmeret.

Det som var nytt med denne drifta var at dei kjørte med "beite". Det vil seia at dei hadde to hesta-"beita"-frammom støttingen. Vegen måtte da vera nokko breiare. Det vart sagt at Kari elius Kvitem frå Grong skaut fjell i ein månad under arbeid med vegen. Det vart og bygd bruer over dala for å unngå bratte motbakka.



SKOGSDRIFT PÅ SNÅSAHEIA 1911-1913. DRIVAR: HANS C. RISVIK. Hans står attmed framste lasset. OTTO C. RISVIK kjører fremste "beita".

Da Hans var mykkje opptatt med administrasjon og anna , var det broren, Otto C.Risvik, som var leiar av arbeidsgjengen. Det var og Otto, saman med Hans, som hadde laga fleire av støttingane. Dei var begge habile snekkera og smea. Det såg eg fleire år seinare, at dei smidde og sveisa støttinglenka. Det er eit bilede frå denne drifta som syner at det var tre beiter og åtte enkeltheista, så det måtte enkeltheista, så det måtte vera mange støttinga. Dei hadde og feltsmie der ved drifta for reparasjon av kjøretya



FELTSMIE VED SKOGSDRIFTA PÅ SNÅSAHEIA

Hans C.Risvik står ved ambolten- Otto C.Risvik ved bormaskina.

\*\*\*\*\*


Drifta vart kostbar, det kann ein forstå, med så mange mann og hesta som det var på det meste. Det kunne bli vanskeleg med penga til lønninga sumtid. Det vart sagt at Hans sendte dette telegrammet til kjøparen av tømmeret: "Send penga eller ein revolver." Det kom penga, heiter det.

Det vart litt kappløp med tida og føret siste våren. Vegen gjekk eit stykkje etter ei elv, og da måtte ein vera ferdig med

kjøringa før elveisen gjekk opp. Det heldt akurat etter det som er fortalt.

Veit ikkje namna på så mange av dei som var med på drifta. Utanom Hans og Otto Risvik, var desse med frå Overhalla: Reidar Viken, P.B.Rian og Mathias Foss. Mathias omkom da han gjekk seg ned i ei råk ved Veiem. Det var ved heimreis frå skogen på Snåsa den 2. desember 1911. Ei trist hending, og melding å få for dei som hadde vert saman med han i arbeidslaget. Frå Grong har vi Karelius Kvitem, frå Høylandet Johs. Brembu og Andreas Flått Grongstad. Den siste er truleg den einaste som lever no av dei som var med. ( 96 år i 1988 ).

Hans Risvik hadde hatt skogsdrifter før denne drifta på Snåsa. Han hadde drift i "Kapteinshullet". Årstalet er nokko uvist. Truleg ved hundreårskifte eller nokko seinare. Veit ikkje nokko om denne drifta anna enn at Hans fortalde ein gong at koja der dei budde i under drifta var tømra av halvkløvningar ( halve tømmerstokkar). Det var bare tre slike halve tømmerstokka i kvar langvegg på koja. Det var grove dimensjonar på tømmeret i Kapteinshullet den gongen. Var denne koja fra ei av setrane der tru ? Muleg at nokkon frå Høylandet veit meir om dette.



HANS C.RISVIK  
Født 1870 - Død 1948

Hans C.Risvik hadde og skogsdrift i Vera i Verdalen eit år. Det vart litt av ein "raksterveg".

Det vart visst lite Hans tjente på skogsdrifta på Snåsa. Truleg vart det heller berre tapet. Han sette no i gang drift i heimskogen - Spann fjellet. Her bygde han og veg for beitekjøring. Bygde to store bruer over "Jodalen" og "Flengsdalen". Det kom fram mykkje tømmer ned til Eidsvatnet desse åra 1915 og 1916. Det har nok aldri vert så store tømmerlunna der på lunneplassen "Bujeb" ved Eidsvatnet. Det vart bygd opp skogstu der inne ved Spann fjellet. Kokka og nokre av hoggaran var fra Velfjorden. Vinteren 1917-1918 dreiv Hans skogen i Nålfjellet. Da budde hoggaran i skogstu til Ivar Moe, Holandsøya. Denne koja står ved Nål-tjønna. Den står enno i dag 1988.

Hugsar at eg og bror min, Otto, tok ein skitur opp på fjellet for å sjå om hoggaran. Bror vår, Kristian, var der som hoggar, saman med Johan Viken frå Vasbotna og fleire andre. Hans sjølv var da "lauskar". Det vil seie, han drog saman stokkane og la dei til rette for "lunnaren". Da vi kom fram til drifta, heldt Hans nett på med å ordna bålet for kaffekok og mat og kvilerast. Vi var ikkje så gamle den gongen, eg og bror min. Men vi var godt kjend da vi var her ofte når vi gjette buskapen om sammar-en. ( Vi var 8 åg 9 år).

Hans Risvik hadde og vert med på større oppdrag utanom skogsdrift. Sammar-en 1915 hadde han oppdrag på det nye veganlegget Brekkvasselv - Namsta på Namsskogan. Det var grusing på denne strekka, ca 6-7 km. Dei velta lass i lass og to i breida. Det vart mange lass det, på heile strekka. Bror min, Kristian, var med som kjørar saman med millom Anna, Anton Galguft frå Leir i Grong. Dei budde i brakkene som det franske selskapet hadde bygd på Brekkvasselv da dei budde seg på gruvedrift i Skorovatn.

Ein annan jobb Hans hadde tatt på seg var å frakte maskinene til kraftstasjonen i Grongstadvossen fra Namsos til Høylandet. Det var tunge kolli og det var i vårløysinga, så dei måtte måke snø på vegen der den var barflekka. Frå vegen på Høylandet og opp til fossen var snøen djup. Jo Skarland fortel at han var med og "trødda" veg oppover mot og ovom fossen.

Hans Risvik hadde kjørty som bar tunge lass både for sammar og vinter. Johs. Blengsli Vognfabrikk hadde laga ei vogn med 4 like store hjul. Platten var senka ned millom framhjula og bak-hjula for å få tøgna tå lasset nerare vegbanen. Det letta og pålessinga. Vogna var laga for "beitkjøring".

Hans Risvik var ei tid formann i styret for Eida Mølle. Mølla vart visstnok opprusta - modernisert på denne tida. Hans var ellers ikkje med i bygdas styre og nemnder, nokko han kanskje hadde vore vel så skikka til som mange andre.

Hans var ein kraftkar med never som "klubber". Så han kunne nok ta eit tak når det trongst. Men det var nok helst hesten han hadde eit spesielt forhold til, og hesta hadde han hatt mange av fram gjennom åra. Store, svære hesta mange av dem. Under kjøringa på Namsskogan hadde han ein stor, svart hest som bar namnet "Sterk", og den gjorde visst ikkje skam på namnet.

Eg minnest at han hadde ei stor, brun mærr som bar namnet "Nora". Bror til Hans, Otto, hadde bygd om ein av beitedoningan til smalare doning. Med denne doningen og med "Nora" framom vart det med kraftige tømmerlass ned til Eidsvatnet fra heimskogen.

Det vart ala opp fleire føll etter denne Nora. Ein av desse fekk namnet "Blessen". Riktig eit krafteksempel av ein hest. Dei hadde ein "Trygg" bensinmotor på 14 hestekrefter, som dei brukte på gardssaga. Denne motoren var og brukt på nabogarden. Motoren var montert på meia. Når den skulle flyttast var det Blessen som vart spent for lasset. Og Blessen tok jobben alvorleg. Det var som kvar sene var spent der den hiva seg frammi for å dra. Motoren var med om det stundom var bar mark. (tåmei)

Da eg i mine unge år ofte var i arbeid hos Hans, vart eg godt kjent med Hans og hans forhold til hesten. Han snakka med hesten som var det eit menneskje. Han hadde på den tid ei svart merr som han hadde kjøpt i Lierne. Denne merra var eit særst snildt og godsleg dyr, og så var den så god til å gå på truga. Hans brukte truga festa på hestfoten med reima laga av elgskinn. Denne vinteren var vi oppe på Nålfjellet på vedhogst. Hans stod der i snøen og batt trugane på hesten. Det var svært kaldt, men det såg ikkje ut som det plaga han, der han arbeide med trugane utan votta. Han var "helau", som dei sa, gamalkaran.

Skulle kjøre opp ein ny veg der oppe på fjellet. Snøen var djup og laus. Hans gjekk framom hesten og trampa litt. "No må komma", sa Hans, og Svartmerra gjekk fram så langt som Hans hadde trampa. Slik gjekk det roleg framover. Det hendte merra dompa nedi langsmed ei gran under snøen og vart liggande. "Ventno litt", så trampa han litt langsmed buska. Så sa han til merra: "No kan du prøv". Da spratt ho opp og kom vidare. Soleis snakka Hans med Svartmerra, og alt gjekk roleg og fint utan kauk og tilrop. Svartmerra var med lenge, men omsider vart det vanskeleg å komme på fotan at når ho hadde lagt seg. Da måtte det bli slutten.

Hans "skarla" og hestane. Det vil seia at når det hadde vakse spisstenner raspa han dei vekk. Han hadde fått laga ei innretning som heldt hestkjevane frå kvarandre så ein kunne nå fram til tennene for rasping.

At Hans heldt hesten mest som ei kjer kamerat er klart. Det

var hestane han først såg til ommorgonen og stelte for. Ein tur til stallen, det var og det siste om kvelden.

Hans Risvik var født 31/5-1870. Foreldra var Kristian Hansen Brembu, født 1836 og Pernille Olsdtr.Viken, født 1838. Kristian var fra Eidsbrekka, Vasbotna. Han kjøpte i 1874 gnr.59 brn.2 i Risvika. Etter det mor mi, Olea Risvik, som var søster til Hans har fortalt, kjørte dei isen over Eidsvatnet da dei flytta til Risvika. Mor, som da var 6 år, var nok med på lasset.Det skulle vera den 17.mai etter det ho har fortalt. Det kunne ikkje bli nokon tidleg vår det året, etter det at isen var kjærbar langt ut i mai.

Kristian Hansen, saman med naboen, Magnus Kristiansen,naboen pakta bort skogen i Spannfjellet på 25 år til Jakob Ingebrigt - sen Grongstad for 500 spd. Trea måtte halde 8 tommer ei alen fra rota. Når dei pakta bort skogen, var det for å få penga til gardkjøpet. De kjøpte begge gard på same tid.

Hans Risvik fekk skjøte på garden etter foreldra i 1897. Han bygde ny stue i 1900. Nytt fjøs vart bygd i 1916. Stall og låve vart bygd ein gong i millom desse årstala. Hans stelte godt med hesten som nemnd, men og redskap og kjørty tok han vel vare på. Etter at det var flytta ut fra sammarstua,tok han inn hestgreia, vaska dei og smurte dei. Det lokta tjære i lang tid framover.

Hans stelte og godt med jorda. Grøfta vass-sjuk jord og dyrka mykkje nytt åkerland. Da han let over garden til Kåre,var jordvidda meir enn dobla.

Hans Risvik døde 8.mars 1948, 78 år gamal.

#### KARI SOM BUDE VED GARTLANDSELVA - fortsatt fra side 2

Det er no arbeid i gang for å kartlegge omstreifarane og deira kultur. 9.juni dette år hadde Overhalla og Høylandet historielag besøk av 1.-amanuensis Ragnhild Schluter frå Levanger Lærarhøgskole. Ho har hatt off. stipend for å studere omstreifarane og deira kultur. Vi kunne gi henne mange opplysningar om Elen-Maria og hennar familie.Så spør det om Grong Historielag kan skaffe fleire opplysningar Kari.

## Folket,bygda og maten – i 1909

På lagets tur til Røyrvik den 8.juli traff jeg Magnus J. Amdal. Som vanlig klaget jeg min nød ang. stoff til bladet.Den 18.juli mottok jeg fra Magnus J.Amdal "tre små og en større historisk bit" (som han sjøl skriver). Magnus er i juli på ferie på heim-plassen sin på Veium.

\*\*\*\*\*

Topografisk-statistisk beskrivelse over Nordre Trondhjems Amt, eit verk i to band som kom ut i 1909 , har mange interessante opplysningar og skildringar som gjeld folkeliv, næringsliv, geografi og natur også i Namdalen og i Grong. Grong omfatta den gongen som vi veit, også Røyrvik og Namsskogan i tillegg til det som høyrer til kommunen i dag. I 1909 var Høylandet skilt ut som eigen kommune, men hørde framleis til Grong i kyrkjeleg samanheng.

Skildringa av bygda og folket kan kanskje vera interessant også for oss 80 år seinare ? For å få med variasjonane er det rett å ta med litt av det som står om nabobygdene Overhalla og Snåsa.

" I Overhallen eier de fleste gaardbrugere skog, men sjelden større strekninger. Den sikreste indtægtskilde er for de fleste jordbruget. Man lever i det hele godt. Paa de fleste gaarde nedlægges kjød hermetisk. Desuden slagtes fra tid til anden efter behovet. Vaaningshusene er ogsaa her de nordenfjelds sædvanlige toetages, lange, smale med en masse vinduer. Der koges kun i kjøkkenet; dagligstuen benyttes omtrent aldrig til soveværelse. De fleste stuer gjør et godt indtryk, de er vel møblerede og rene. Sammenlignet med de fleste andre bygder staar renslighed-en høit. Dog har folket som andetsteds den uvane at spytte paa gulvet, især i offentlige lokaler. Legemets renhold er mangeldult.

Snaasen er en bygd af gaardbrugere med jevn velstand , frugtbar jord og et klima, der ikke er fuldt saa barskt som i Grong. Der erer adskillig god skog, men skogsdriften spiller en underordnet rolle ved siden af jordbruget. Grong, der tilhører Namsens dal-føre, har et barskere klima og en fattigere jord, men mere skog end Snaasen. Da Namdalen ikke ender som en sækkedal inde i fjeldet, men over Namsskogan gaar over til Vefsens uden at skilles ved høie fjelde, ligger dalen aaben for storme fra nord. Dels

af den grund og dels fordi det aabne hav er nær, bliver klimaet stormfuldt og hurtige temperaturforandringer er almindelige."

Etter å ha fortald litt om Lierne og folket der, held denne befolkningsskildringa fram slik (-hald dokk fast folkens !):

"Befolkningen i Snaasen og Grong hører til de mest oplyste nordenfjelds, og øverst staar vel beboerne af Grong hovedsogn og Hølandet. Ædrueligheds- og sædelighedstilstanden betegnes som i det hele upaaklagelig, ligesaa levemaade og boliger, dette da særlig i Grong, Snaasen og Hølandet. Madstellet er godt, og den sædvanlige landskost er her den almindelige. Beboelseshusene er kolde og trækfulde, hvilket bidrager til, at muskelreumatisme samt akut bronkit hos smaabørn er saa almindelig. Herredets udkanter, saasom Trones, Røirviken, Sandøladalen, tildels ogsaa Harran, er ikke kommet saa vidt som hovedsognet og Hølandet.

Libyggen saavel som grongningen er ypperlige skogsarbeidere, og mange af dem taaler det haarde vinterliv i skogen i lange aarrækker. I det hele taget hører vistnok befolkningen i Grong og Lierne til de mest haardføre i landet. I sommer- og høstmaanederne har Grong og Lierne en betydelig indtægt af lakesefiskere og elgjægere.

I de fjerneste egne af Grong distrikt, saasom dele af Namsskogen, men især i Røirviken kapelsogn, bor befolkningen saa isoleret som vel neppe andre steder i vort land. Man faar indtryk af, at der her er et temmelig stort antal degenererede individer. Indgifte foregaar ofte."

Kanskje vil vi kjenna oss meir at i skildringa av måltider og mat. Det fører for langt å ta med alt som står i boka om kostholdet og dei forandringane som kom med meieri, separatorar og meir kaffebruk.

" I Grong er der om sommeren i onnetidene 5 maal, om vinteren 4. Om morgenen kl.6 er det kaffe og et par smørogbrød (morgobatta), kl.8 frokost (frukost), for det meste af opkogt melk med smør, fladbrød og øst, kl.12 middag (dur, dugur), sild og suppe, kjød og suppe, fisk (torsk, uer, kveite) og suppe. Poteter og fladbrød er alltid med. Kl.4 non (noni), salt kjød, melk, og kl.8 aften (kvolvard) grød. Ikke meget forskjelligt fra dette er kostholdet i Overhallen og Hølandet."

Litt moral preikar forfatternen av befolknings-kapitlet i boka.

Skryt av flatbrødet til styrking av tennene og nytte for magen. Det må kunne klara seg med færre måltid for å spare husmora og ikkje bryta av arbeidet så ofte. Men da må kvart måltid vera meir samansett. "Havesager er en sjelden bestanddel i landmandens kost" heiter det, og det vil vare lenge før "grønretter finder plads paa hans bord."

" Den overhaandtagende brug af kaffe medfører forskjellige ulemper" står det og det blir mint om at kaffe var "ikke i brug i den første halvdel af det 19de aarhundrede. Omkring 1840 brugtes en kop nu og da ved høitidelige leiligheder. Og saa kom den i brug søndag morgen. Da brændevinsbrændingen blev forbudt paa gaardene, kom kaffe i brug om aftenen og efter midt-dagshvilen, efterhaanden ogsaa til fyrebite."

Vel, så blir det opp til deg om du kjenner att folket og maten.

////////////////////////////////////

## Folketalet

MAGNUS J. AMDAL

15.aug. 1769 var det 1099 personar i Grong, fordelt med 718 i Grong "hovedsogn" og Harran aneks og 381 i Høylandet aneks av Ranum "hovedsogn". Følger vi vidare folketalet i det som var "storheradet" Grong er tala slik:

1.febr.	1801	"	"	1625	personar
30.april	1815	"	"	1639	"
27.nov.	1825	"	"	1947	"
29.nov.	1835	"	"	2116	"
31.des.	1845	"	"	2306	"
31.des.	1855	"	"	2722	"
31.des.	1865	"	"	3338	"
31.des.	1875	"	"	3103	"
1.jan.	1891	"	"	3523	" (Grong 2491-Høyl. 1032)
3.des.	1900	"	"	3612	" (Grong 2566-Høyl. 1046)

\*\*\*\*\*

## Fremdeles

er redaktøren avtaker av en masse stoff. Send det du har til:

JENS SVIGGUUM - 7870 GRONG.